

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 9

Arna Oktober 1970

3. årgang

«Det er makt i de fol- dede hender»

Aldri kan truande bøner vera gagnlause. «Bønene mine held eg for sterkare enn sjølve djevelen», hermer dei etter Luther. Om eg arme menneske ikkje hadde onnor nytte av bøni mi, so hadde eg då i det minste vore lydig mot min himmelske Fars bod og med barnsleg hug kalla på min Gud. Det gjev meg frimod i hjarta når eg for Herren får ausa fram mi lengt og min trong. Bøni er og eit tomt kjerald som eg slepp ned i brunnen, det vert fyllt. Av nåden sin fullnad. I «Sann Kristendom» les me om korleis det innvortes menneske ved bøni vert styrkt og helga, reinsa, trøysta og opplyst. Me vert kjende med Herren. Me får segja: «Abba, kjære Far.» Hjarta vert letta og eg får gjeva Herren min veg i vald.

Bøni er og strid, og godt våpen. Krysostomus talar om piska han nyttar når djevlar og helvetshundar skal jagast burt. Og frå Mahatma Gandhi har me gøymt ord frå visdomen hans: Bøni er lykilen om morgonen og skåta om kvelden.

Men Job klagar: «Eg ropar til deg, men du svarar meg ikkje.» Han er ikkje åleine han heller. Vår Frelsar hadde liknande rop i striden sin. Men Herren sin lovnad stend fast. Kvart eit sukk frå syndars hjarta når

fram. Tåra di veit han om. Du kan med frimod ganga inn i heilagdomen.

Or «Sjeleskatt».

P.S. Sitatet frå Mahatma Gandhi fann eg i Håkon Strøms gilde bok: Religionskunnskap og religionshistorie. Kanskje eg skulle ta enno eit frå same kjelda: «Kom ein kristen til meg og fortalde at han ved lesnad av Bhagavadgita vart so gripen at no ville han og verta hindu, då ville eg segja: Det skal du ikkje for det Bhagavadgita kan gjeva, har Bibelen og. Prøv om du kan finna det, og ver ein god kristen.»

Unge hjem i Arna

For ein del av oss er Unge hjem eit ukjent omgrep. I von om å klårleggja dette litt meir vil eg fyrst nemna kva Unge hjem ikkje er. Det er ikkje

- samkomer som ein organisasjon eller sekt står bak.
- nokon klubb med medlemskap
- møter der berre kristne samlast
- samvær der dei som kjem, skal vera nøydde til å ta del, seia si meining eller utan motmæle mätta godta det som foredragshaldar, innleiar eller kanskje film vil opplyse oss om.

Kva er så Unge hjem? Ein kan vanskeleg koma med noko standard svar. Eg vil derfor avgrensa meg til å nemna kva Unge hjem er her i Arna og korleis arbeidet vert drive.

Det er soknerådet som er ansvarleg for samkomene, og ei lita gruppe unge ektepar har sagt seg viljuge til å ordna den praktiske sida ved møta. Me som er med i denne gruppa kjenner trong etter å få drøfta og klårgjera mange vanskar som har møtt og møter oss i trulovingstida, i ekteskapet og i oppsedinga av borna våre. Unge hjem's møta er staden der me har fått og vil få fagleg orientering om akkurat dei vanskar og problem dei aller fleste av oss møter. Men ikkje berre det. Me som ikkje har fagleg viten får høve til å stilla spørsmål eller fortelja om røymsler me har gjort sjølve. Mange av oss tykkjer likevel det er best å høyra når dei andre snakkar. Dei emna som vert handsama, vil me freista å vurdera ut frå ein kristen synsstad.

På kvart møte har me ein pause med kaffi og rundstykkje eller eitkvart anna som smakar godt.

Det fyrste møte skal vera den 27. d.m. kl. 20.00, og møtestaden vert på Indre Arna skule, handarbeidsrommet. Psykolog T. Eikeland vil greia ut om: «Barn og temperament.» Me vonar at dei som er trulova, unge ektepar utan barn og ektepar og einslege foreldre med barn under konfirmasjonsalder har høve og lyst til å koma. Kvar ein-skild tek med seg kopp og asjett, det andre som trengst til den hyggelege pausen, får me. Hittil er det fleire ektepar som har vorte kjende med einannan rundt kaffikoppen.

Det er ein føremon om ektefellene eller dei trulova kan koma begge, men i fall barnepass eller andre ting, hindrar dette, er sjølv sagt kvar ein-skild velkomen.

Dersom det er interesse for det, har me tenkt å starta gruppesamvær eller kursverksemd. Men dette må me snakkast nær-mare om den 27. eller på eit seinare møte.

*For Unge hjem i Arna
Ingmar Ljones.*

På rundtur i Arna

Når veret er godt og mildt vil me enno gjerne ut i det fri. Ogso våre eldre vener kjenner det slik, og sanneleg laga det seg for oss no den 15. oktober. Det kom so brått på. Idag dreg me ut presis kl. 14.00. Bilen står då ved aldersheimen og alle som vil vera med er velkomne. Bilen vart full. Dei fleste kunne sitja i stolane, men sume laut ha sine rullestolar med no og. Ein gild sjåfør tok på seg ansvaret ved rattet. Ord-føraren og sosialsjefen var med og so drog me iveg. Kring heile kommunen. Fyrst til Ytre Arna til Breisteinslid, vidare yver Kvamme, Espeland, Liatun, Skyggjestrånd til Gullbotn. Der fekk me kvila kring kaffi-bordet og hygde oss som best me kunne. Med song, prolog av Gudrun Tunes og god innføring om kommunale oppgaver ved ordføraren vår. Mange visste ikkje korleis landet lenger såg ut. Malkestølane fann dei knapt att. For alle stader var det nye hus og heimar. Eg vil vona ungdomen vår får berga noko av den kontakt og rikdom dei eldre alltid kjende ute i vår herlege natur. Eg skynar dei idag som heller vil vera i nærleiken av sprutande fossar enn sjå dei omgjorde i lønsame kilowatt.

Me prøvde oss og på songen: Ho gjeng på tun i den stille gard, ho mor. Med kvikke sporv i sitt fotefar. Ho likar soli på skrukne kinn, ho mor. Ho likar havgula sval og linn, ho mor. A, var eg havgula frisk og fri. Eg skulle svala mi heile tid um ho mor.

Me hadde ikkje bok som me fekk ikkje syngja songen ut. Sjeldan høyrest han og, songen om Veslemøy som lengtar. Kan ikkje alle songlærarane i skulane friska han opp att. Eg trur han er liv laga enno. Og so syng alle borni i heile Arne same songen i vika som kjem.

Takk for gildt og godt lag og tur.

Helsing frå Island

Biskop Sigurdbjørn Einarsson sin tale

(Framhald frå førre nr.)

Seinare vart det vanleg at me fekk biskopar frå Noreg. Prestar fekk me ikkje, i det minst var det berre undantak.

Med veksande glans fekk kyrkja i moderlandet skuggar og, skuggar frå den makti som kyrkja i millomalderen fekk etter kvart som viljen til å herska vart større enn viljen til å tena. — Desse skuggane gjorde sitt til at me miste det som fedrane våre leita etter og fann den gong dei drog burt frå Noreg: Fridom. Det var meir av politiske årsaker enn kristelege motiv at Noregs konge og erkestol byrja å skikka norske bispar til Island. — Dei fyrste tvo kom same året. 1238, på kvar sin bispestol, Skálholt og Holar. Den eine, Sigvardur til Skálholt kom frå Selja, der han hadde vore abbed. — Desse mennene og deira ettermenn var ikkje serleg populære i Island, og hev ikkje alle lete etter seg kjære eller ljose minne. Det er so. Ogso biskopar er ulike, tider og tenkjemåte i likeins. — Men dugande menn var mange av dei norske biskopane, høg-ætta, og høge stillingar hadde sume av dei havt før dei kom til Island. Og ikkje fåe av deim kom frå Björgvin eller Björgvin bispedøme. Eg nemnde Sigvardur frå Selja. Hundrad år seinare kom Jon Indridason, abbed i Sel, han og. Etter han kom Gyrdur Ivarsson, abbed i Jonskyrkja i Björgvin. — Eg lyt og nemna Grimur Skutuson. Han vart vart vigsla til Skálholt her i Björgvin, endå han var abbed i Nidaros. Han kom aldri til Skálholt, for han døydde etter tri månader, og er gravlagd på Kristkyrkjehagen. Men under si stutte bispetid livde han so høgt her i Björgvin at domkyrkja i Skálholt var i full fart mot å verta ruinert. So han må hava vore ein flott herre. —

Etter honom vart enno ein klosterbror vigsla til Skálholt. Det var Jon Halldorsson. Um han og kunnskapane hans gjekk det gjetord. Soga segjer at «han for at studium mjög ungur allt ut til Paris og Bologna. Kom hann svo aftur og var så visasti klerkur er komid hefur i Noregi.» — Men um ein skal tru forfattaren til soga hans, og hev ovundring for biskop Jon, so var det ikkje mykje god teologi han gav dei arme islendingar. Det var mest tull. Men morosam hev han vore, og venesæl.

So hev me på Holar i heile 80 år bispar av norsk stormannsett. Den eine frenden avløyste den andre. Sist kom den tridje i rekka, Gottskalk Nikulasson år 1498, ein mektig og myndig mann. Bror hans var lagmann her i Björgvin, Guttorm Nikulasson.

Trass i myrker og skodda som kviler yver soga sin veg, og trass dei mange tragiske hendingar som me i vårt stuttsyn ville ynskje burt frå soga, so hev ein islending rikeleg grunn til å gjera pilgrimsferd til Björgvin. Det er til dømes nokre islandske biskopar som ligg i si grav her. M. a. ein av dei største me hev. Arni Torlaksson, som etter ei stormande og stor livssoge på Skálholts bispestol, og etter vunnen siger i ein lang strid mot konge og andre mektige menn døydde her etter ei av sine tallause reiser til Noreg, og vart lagt til kvile i Munkeliv her i Björgvin.

Systerson hans, og ettermann i bispeembetet, og forfattaren til hans merkelege livssoge fekk og si grav her. Det var Arni Helgason. Under hans bispetid brann Skálholts domkyrkja ved ljoneld året 1309. Men etter berre tvo år hadde han bygt ei ny. Sjølv reiste han til Noreg straks etter kransen for å skaffa trevyrke til den nye kyr-

kja. — Det var ikkje so vanskeleg for dei som styrde i Skálholt å skaffa timber då, som det vart seinare. For i førre formatorisk tid åtte Skálholt bispestol skog her i Björgvinstraktene. — Arne Helgason livde ni år etter dette, og kviler i si grav her.

Etter at Noreg og Danmark vart sameina fekk dei danske kongane meir å segja ved bispevali. Og med støtta frå paven lukkast det ofte å få dei menn som kongane helst ynskte på bispestolane i Island. Og det var helst menn som passa betre til alt anna enn å vera vegvisarar for Guds hjord. Slik var det ikkje berre i Island. Det var vanleg den tid. Men likevel var Noreg framleis vårt andre land, heilt til midten av 1500-talet. Me veit um dei som gjekk i skule her i Björgvin. Eg nemner berre tvo frå 1500-talet. Den eine er Olafur Hjaltason. Han studerte her i 6 år. Han vart ein av dei fyrste islendingar som gjekk yver til den evangeliske læra, og han vart den fyrste lutherske biskop i Holar. Ein from og gild mann med eit godt namn i Islands saga.

Den andre var den mann som eg fyrst og fremst tenkjer på her. Og hans minne vil eg gjeva ei serleg hylling. Den mannen er Oddur Gottskalkson. Eg nemnde far hans før, biskop Gottskalk. Men mor hans var islensk. Oddur var fødd i Island, men var for det meste i Noreg under oppvoksten. Han vart difor kalla Oddur norsk, då han var delvis av norsk ætt og oppfostra her. — For Islands kyrkje og kultur gjorde han meir enn dei fleste andre. — Når eg høyrer klangen frå den store klokka i tårnet på den nye kyrkja i Skálholt, den klokka som er ei gáve frå Nordmenn og har innskrifti: Land, land, land, høyr Herrens ord, — då må eg tenkja på denne mannen. For han er ein av deim me fyrst og fremst hev å takka for at me hev havt Herrens ord på vårt eige morsmål.

Soga hev ikkje mykje godt å segja um far hans, biskop Gottskalk. Han vart kalla Gottskalk den grusomme. Det er sikkert ikkje rettferdigt. Biletet hans er kome til oss ved menn som hata honom og hadde vel grunn til å gjera det. Men protrettet er sikkert einsidigt og i so måte usant. Visst er at borni hans hev fenge godt vitnemål både av samtid og ettertid. Og det stend fast og klårt, at med son sin gav han Island meir enn me kan verdsetja.

Oddur var berre ung då han vart send til Noreg for å ganga i skule i Björgvin. Etter eksamen her reiste han fyrst attende til Island og gjekk i tenesta hjå den katolske biskopen i Skálholt. Men han ville få større kunnskapar og reiste difor til Danmark og Tyskland, og vart ein mykje lærd mann. — Medan han var i Tyskland vart han kjend med den evangeliske læra. — Kanhenda hev han fenge fyrebuing for si umvending her i Björgvin, der reformasjonen tidleg slo rot. Det veit me ikkje. Men me hev hans eige vitnemål um den sjelestrid han måtte gjennom i Tyskland, og resultatet av den. Me skynar at det ikkje kan hava vore lett for den katolske bispeson å venda um frå fedretrui og godkjenna reformasjonen. Sjølv fortel han, då striden var som hardast stod han opp medan dei andre sov, bøygde kne i nattklædi og bad Gud innerleg um hjelp so han måtte gjera det som var rett, og få vissa um anten den gamle eller nye læra var sann. — Samstundes lova han å vera trufast mot, og arbeida for den læra Gud synt han var den rette. — Etter bønestríd i tri netter gjekk ljuset opp for honom, og den evangeliske læra vart hans hjartesak etter dette. Med ihug las han Det nye Testamente og bøker av reformatorane.

Han kom attende til Island og gjekk som før i tenesta hjå biskopen i Skálholt. Der kom han no ilag med fleire unge, evnerike

menn, som inst inne var yvertydde um den lutherske læra, men torde ikkje anna enn venta og løyndet det syn dei hadde.

Oddur tok til med å umsetja Det nye Testamente til islensk. Men han måtte arbeida med det i løynd. Det vart sagt at han hadde arbeidsromet sitt i fjøset på bispesætet, og meinte der var passeleg varmt i vinterkulden. Til venene sine sa han: «Frelsaren vår vart fødd i ein stall, og no er eg i ferd med å umsetja ordi hans i eit fjøs.»

Oddur reiste burt frå Skálholt før umsetjingi var ferdig. Og det er truleg at han gjorde dette arbeidet ferdig i Noreg. Men umsetjingi hans av Det nye Testamente vart prenta i Danmark året 1540. For Island sitt einaste prenteverk var enno i hendene på den katolske bispen i Holar.

Same året vart venen hans, Gissur Einarsson biskop i Skálholt. Dei reiste saman heim til Island og hadde med seg Det nye Testamente sitt. Det vart viktigaste våpnet dei brukte i den komande striden for den evangeliske læra i Island. — Oddur vart ikkje prest. Han vart lagmann. Men han skreiv mykje for å upplysa prestar og almuge. Saman med biskop Gissur gjorde han eit grunnleggjande arbeid umsetjingi av heile Bibelen, som vart prenta i Holar året 1584.

Den utgåva av Det nye Testamente Oddur stod for var ikkje berre den viktigaste hending i reformasjonssoga på Island, men det var og ei storhending i islensk kultursoge. — Ein bør merka seg at denne mannen som til å byrja med fekk tilnamnet «den norske», fordi han hadde vore so lenge i Noreg, han gav folket sitt ei enkel og ekte islensk umsetjing av Det nye Testamente. Det er lett å sjå at han hev vore velkjend med islensk skriftspråk. Han hev bygt på den klassiske litteraturarven, samstundes

som han nytta den folkelege språkføringi, som var sermerkt for Island.

Enno idag er umsetjingi hans lett tilgjengeleg jamvel for Islandske born, sameleis som Snorre og notidsforfattarane. Når det gjeld språkføringi byggjer alle islenske bibelutgåvor for ein stor del på umsetjingi hans Oddur den norske.

Det er alltid gagnlaust å spekulera yver kva som kunne hava hendt dersom historia hadde funne ei onnor leid enn den ho fann. Like vel kan ein stundom ikkje lata vera å drøyma um fortidi. Det ligg nær å tenkja den tanken, og drøyma den draumen, at norsk almuge hadde fenge Oddur si umsetjing av Det nye Testamente. Dersom norske kyrkjemenn hadde brukt dette, kan ein tenkja seg at skilnaden på språki våre ikkje hadde vorte so stor som tilfellet er idag. Då hadde me kyrkjeleg og kulturelt heller ikkje kome so langt frå kvarandre som me hev gjort.

Me fekk straks etter reformasjonen Bibelen og seinare andre bøker prenta på morsmålet vårt i prenteverket i Holar. Og det var ikkje noko større skilnad på det språket ein tala då på bae sidor av havet. Oddur norske gjev prov på det. Me fekk Bibelen på Snorre sitt språk. Det er difor me hev dette språket som livande eiga idag. Men umlag samstundes som ein byrja prenta bøker på islensk slitna det gamle sambandet millom Noreg og Island. Under dei komande hundreår var det berre sagas Noreg me vitja, og berre sagas nordmenn som livde med oss. Me gjekk kvar vår veg og kom heilt frå kvarandre. Med Noregs kyrkja hadde me under lange tider, og heilt til våre dagar umlag like lite ytre samband som med Konstantinopel.

Men det er ikkje slike tankar me skal tenkja, og ikkje slike fakta me skal syrgja yver. Me hev vore sameina. Det hev vore eit samband millom oss, som er viktigare

enn alt som hev slitna. — Me minnest Bjørgvin bispestol si 800-års saga. Kva samanheng, kva kontinuitet hev den saga? Ikkje ytre bunad, ikkje tenkjemåte, ikkje språk.— Det er Jesus Kristus, hans kross, hans oppstoda, hans kraft til frelsa, hans truskap som er samanhengen. Dette er kyrkja si saga, si indre og verkelege saga. Det er her me hev røtene til livet vårt, det verkelege livet. Det er vår store sameiga og den store fagnaden og lukka i livet å få vera ein liten lekk i kjeda, som skal ganga ubroten frå påske til atterkoma, tene honom og vitna um hans signing. — Eg lukkynskjer dykk, kjære norske brør med det kallet.

Me held jubileum. Gjennom 800 år, gjennom 2000 år hev kyrkja sitt liv havt same innhald: Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi Fader han som hev velsigna oss, liksom han valde oss ut i han fyrr verdi var grunnlagd.

Må eg få lov til sist å lesa desse ordi frå Efesarbrevet i Oddur si umsetjing: Blessadur sé Gud og fadir vors Drottin Jesu Kristi, sé oss hefur blessad . . . svo sem han útvaldi oss i honom ádur en verøf var grundvøllud.

Han hev velsigna si kyrkja i Noreg og i Island, og gjenom kyrkja hev han velsigna folki våre. Av han fullnad hev me alle fenge, og det nåde på nåde.

Det er ikkje det store i livet at me er nordmenn eller islendingar, kjende eller ukjende, men at me fær vera Kristmenn, Krossmenn, Kongsmenn og bera vitne um han som er Veggen, Sanningi og Livet.

Takk for tolmodig påhøyrsla.

Gud evig signe Noregs land.

Det er mitt siste ord.

Biskop Sigurbjørn Einarsson

Hvem har anledning?

*Eller, har du kall til Guds arbeid
blandt våre barn?*

Betania yngstes-arbeid mangler lederhjelp! Situasjonen er slik at vi må innskrenke arbeidet, dersom ingen ser sin oppgave der!

De aller yngste — fra 7-9 år — er ivrigest til å møte opp, men vi har nå en slik situasjon at vi må nesten slutte å ta imot dem! Og så blir det kun for de fra 9-12 år.

Dette er en meget trist situasjon, men vi håper at noen hører kallet, sier ja og blir aktivt med i yngstearbeidet i Betania bedehus på Lone.

Møtedagene er om tirsdag. Det er Gunnlaug Bøyum som har hovedansvaret for yngstes nå, lærerinne ved Lone folkeskole. Henvend deg til henne om du kan!

Det er Herrens velsignelse som gjør rik. Gå inn i rekken, gå inn i kampen nå, det er Herrens røst som sier — GÅ! Be for dette.

Hilsen Betania Y.A.

Aud Hindenes.

100 åringen vår slokna

Dei høyrer mest oss alle til når dei vert so gamle som 102 år slik som det vart med Johanna Mjelde på Garnes. Ho var frå Hausberg, men budde si meste tid på Garnes der mannen hennar dreiv smedverkstad. Og songen av jarn og amboltar høyrdest langan leid. For læresveinar var der og i smia. Dei budde i heimen der, so det vart mykje for henne som skulle koka. Men mannen døydde ifrå arbeid og heim alt i 1917 og då vart det Johanna sin tur å syta for livemåten for seg og sine. Dei hadde nok set henne ta eit tak i smia før og, men no vart det lite song derifrå. Johanna tykte

det hōvde betre med meir kvinnelege gjere-mål då ho vart åleine. Ho tok seg vask for jernbana. Og kvinnelegt tungt arbeid i stovene på Garnes. Husavask, slakting. Og når kvelden kom stod der jamt folk og venta på henne. Dei laut få henne til å løy-sa båten og ro dei yver fjorden. Ferja var ikkje komi, måta. I myrker og i vind våga ho på, og for slik ei vågal ferd fekk ho 50 øre i frakt. Potetåkeren sin stelte ho fint med. Henta mose i sekken sin for å ha kring potene når ho sette dei i moldi. Dei vart reinare då, meinte ho. Og når helgi kom, pynta ho seg med linhuva si. Ho laut vera fin når mannen las i tekstboki for dagen. No ligg dei i same grav. Og på Garnes fekk ho bu til sin døyand dag, i si vesle stova. For ho hadde ei dotter som såg det som si gleda å stella vel um mor si.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 20.9. Tom, foreldre: Åge Hagesæther og k. Gunn Berit f. Reitan.
- 20.9. Elisabeth Irene og Vibeke Yvonne, for.: Rolf Uthaug og Karin f. Ellingsen, døypte i Herdla.
- 27.9. Roy Åge, for.: Tor Hals Nilsen og Gerd Reidun f. Storum.
- 27.9. Kjersti, for.: Jan Kristoffer Haukeland og Randi f. Hansen.
- 27.9. Torleif, for.: Moritz Værøy og Reidun Ingeborg f. Mjelde.
- 3.10. Bente, for.: Martin Halland og Inger Elisabeth f. Thorsen.
- 11.10. Linda, for.: Magne Misje og Lise f. Herfindal.
- 11.10. Frank, for.: Mons Låstad og Reidun Bjarnhild f. Kvingedal.
- 18.10. Vibeke, for.: Einar Norman Veseth og Berit f. Hatteberg.
- 18.10. Grethe, for.: Knut Johan Knutsen og Anni Kristine f. Hansen.

I min forretning
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

Kleivland
URMAKAR

5260 Indre Arna — Tlf. 40496

25.10. Tone, for.: Harald Nese og Svanhild f. Elvheim. (døyp i Bolstad kapell).

VIGDE I ARNA:

- 19.9. Geir Andresen og Gerd Elisabeth Schumann (vigde i Oslo Domkyrkja).
- 19.9. Herman Irgens og Erika Klocke (vigde i Bergen).
- 3.10. Ørjan Miljeteig og Liv Reidun Ølmeheim (vigde i Odda).
- 3.10. Asbjørn Andersen og Grethe Karin Herfindal.
- 10.10. Ivar Ruskedal og Rigmor Eikefet.
- 10.10. Rune Johannes Revheim og Frøydis Tveit (i Adland kyrkja).

AVLIDNE I ARNA:

- 20.9. reparatør, gift Erling Emil Haugland f. 1924.
- 6.10. smed enkja Johanna Mjelde f. 1868.
- 7.10. gbr. enkja Anna Olina Sæd f. 1878.
- 16.10. ugift arb. Karl Andreas Herland f. 1902.

*I brått og brand me stemnde fram,
til kamp og dād i livsens land
Lat hugen verta sterk som stål,
dā fram me vinn til sigers mål.*

*Kunne me livet sjā i Guds perspektiv,
dā rikare vart vår livsens strid
meir meningsfylt livet framāt glid
i den heile livsens tid.*

O. U.

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

MAGNUS BERGE

5233 Haukeland Telefon 40021

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad La pengane gå direkte inn på konto i ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken kva kontotype som passar best. Pengane står alltid til disposisjon. Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
Indre Arna

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —

Espeland — Lonevåg

Preikelista

Helgesundag (1. november):

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.

24. s. e. tr. (8. november):

Arna: Res. kap. og misjonsprest Ingebriktren. Borni sin misjonsdag.

Takvam: Prosten og soknepresten. Vigsla av nye kyrkjegarden. Etter vigsla samkoma på skulehuset eller anna høvelegt rom.

Kl. 19.30: Ungdomsgudsteneste i Arna kyrkje.

25. s. e. tr. (15. november):

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Misjonsprest Ingebriktren. Borni sin misjonsdag.

26. s. e. tr. (22. november):

Arna: Gudstenesta v/ Kateket Haugsvær.

Ytre Arna: Om kvelden sjømannsmisjonen sin dag.

Pakkeinnsamling. Båe prestane i Arna vert denne dagen med på 100 årsjubileet for Gjerstad kyrkja.

1. s. i adv. (29. november):

Arna: Soknepresten. Trengereid: Res. kap.

For desember mnd. skal då berre nemnast at det vert ljosmesse 6/12 kl. 19.30. og jolekonserten 13/12 kl. 17.00 i Arna kyrkja.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —